

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8970-1

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland - til uttale i fylkesrådet for eldre

Uttale til intensjonsplanen vert formulert i møte.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland er no ute på ei brei, offentlig høyring i perioden 26. oktober til 23. november.

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har saman arbeida fram intensjonsplanen for samanslåing. Målet med høyringa er å få inn grunngevrne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma. Intensjonsplanen bør belysast frå fleire sider og på ein grundig måte. Alle – privatpersonar, kommunar, lag, organisasjonar og næringslivet – kan kome med innspel. Høyringsfristen er 23. november.

Fylkeskommunen ber særleg om tilbakemelding på følgjande tema:

- Synspunkt på om Sogn og Fjordane bør vere med og søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka, slik den framforhandla intensjonsplanen legg opp til (jf. vedlegg 1).
- Synspunkt på ytterlegare krav og ønske som vi kan ta med oss i arbeidet med å utvikle ein eventuell vestlandsregion. Dette kan også vere supplement til «kravlista» som ligg i punkt 10 i nemnde intensjonsplan.

Informasjon om intensjonsplanen finn de på www.sfj.no her: <http://www.sfj.no/hoeyring-intensjonsplan-for-samanslaaing.397010.nn.html>